



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tlf.: 53 48 31 00

Fax: 53 48 31 30

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Kvinnherad Bygg AS
Seimsvegen 140

5472 Seimsfoss



Saksbehandlar
Eva Sundal

Tlf. direkte innval
53483244

Vår ref.
2014/2391-10

Dato
06.10.2014

IGANGSETJINGSLØYVE (Eitt-trinnsøknad) Delegert løyve

Tiltak:	Einebustad
Gnr/bnr:	123/388
Byggestad/adresse:	Ospelunden 19, 5463 USKEDALEN
Tiltakshavar:	Jostein Hauso, Uskedalsvegen 367, 5463 USKEDALEN
Ansvarleg søker:	Kvinnherad Bygg AS
Matrikkel:	BRA H01 = 90m ² BTA = 104m ² BYA = 111m ²

Delegert vedtaksnr.:2014/498

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 vert søknad journalført 24.09.14 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklasse 1, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF for firma:

Kvinnherad Bygg AS, Gunnar Røsseland Entreprenørforr. AS og Johansen Rør AS

Uavhengig kontroll: Byggkonsulenten

Vilkår:

1.Tiltaket må utstikkast/plasserast på tomta av godkjent føretak med ansvarsrett, eventuelt av oppmålingskontoret i kommunen. Utstikkingsdata må sendast inn for oppdatering av kart straks det er plassert.

2.Det vert ikkje gjeve bruksløyve eller ferdigattest på bygningen før tekniske anlegg fram til byggetomta er dokumentert ferdig og godkjent av Kvinnherad kommune.

Tiltaket kan igangsetjast straks når vilkår nr.1 er innfridd.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyvet.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- ✓ Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp og tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav, tekniske og estetiske krav.
- ✓ Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- ✓ Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar.
- ✓ Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndigheter.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med pbl § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For rådmannen i Kvinnherad

Eva Sundal
Saksbehandlar

Kopi til:

Tiltakshavar
Referatsak forvaltningskomiteen
Matrikkelen
Tekniske tenester - VAR